

Hei,

Viser til din e-post.

Underretning om vedtak for driftstilskot til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar for 2015 vart sendt frå Hordaland fylkeskommune 7.juli. I brevet vert det m.a. informert om at part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan 3 veker og at denne fristen gjeld frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagefristen er gått ut og vi kan difor ikkje handsame ei klage.

Retningsline punkt 5 "Det vert ikkje gjeve stønad til organisasjonar som har diskriminerande innhald i sine vedtekter og aktivitetar" skil ikkje mellom mororganisasjonen eller ungdomsorganisasjonen sine vedtekter. Dei vedtektene som vart lagt til grunn i vurdering er dei vedtektene som søkjar sendte inn.

Saka vart handsama politisk i Kultur- og ressursutvalet i møte den 02.06.2015 (sak nr 112/2015).

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling

Tlf: 55 23 95 43

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

**Fra:** Marta Sortland Leodo (mleodo@nlm.no)

**Sendt:** 17.08.2015 11:32:38

**Til:** Anna Elisa Tryti

**Kopi:** Berit Alette Bjørge; 'post@hbur.no'; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Emne:** Avslag på støttesøknad

**Vedlegg:** Vedtekter NLM ung.pdf

Til kultur og Idrettsavdelinga

Me har fått beskjed om at NLM Ung Region Vest ikkje er blitt tildelt noko tilskot til drift av vår organisasjon på fylkesnivå i 2015. Avslaget var sendt i ferien og me har difor ikkje klart å halde oss innanfor klagefrista, det beklagar me og ber om forståelse for. Vedtaket kom svært overraskande på oss, og me ville gjerne blitt kontakta medan prosessen framleis var open for å komme med meir informasjon då. Me ser at vedtektene til NLM som er lagt til grunn for avslaget er blitt vedlagt søknaden, men me har eigne vedtekter i Ungdomsorganisasjonen som ikkje har liknande paragraf som den avslaget er bygd på. Vedtektene til NLM Ung finn de vedlagt. Me ber om at søknaden vert behandla på nytt på det grunnlaget og håpar på positivt svar, då støtta og anerkjennelsen frå Fylket betyr mykje for oss. Me er ein stor organisasjon som driv mykje positivt arbeid (som me er stolte over!) for borna og dei unge som veks opp i Hordaland.

Vennlig hilsen

**Marta Sortland Leodo**

Leder NLM Ung Region Vest

e-post: [mleodo@nlm.no](mailto:mleodo@nlm.no)

Tlf: 55904802